



Adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

Høring av søknad om løyve etter forureiningslova til anleggsarbeid - utbetring Vigdal ventilkammer- Jostedal kraftverk i Luster kommune for Statkraft Energi. Høringsfrist er 12. mai 2026

Statkraft Energi skal utbetre Vigdal ventilkammer, tilhørende Jostedal kraftverk. Det skal borast tre hol på til saman 900 meter. Det blir brukt kjernebor med utvendig diameter inntil 100 mm. Det blir brukt vatn ved boringa, og det vil difor bli frigjort partiklar i prosessvatnet. Det vert montert reinseanlegg for prosessvatnet. Sedimentkammeret vil bli tømt jamleg i anleggsperioden. Statkraft Energi har risikovurdert arbeida og søker om følgande avbøtande tiltak for å redusere fare for forureining til eit akseptabelt nivå.

"Ureina innlekasjevatt frå borhola skal behandlast i sedimenterings-anlegg med oljeutskiljar med krav om grenseverdier for suspendert stoff, pH og TCH (olje).

Resipienten for reinsa vatn frå tunneldrifta vil vera Vigdøla, ei sideelv til Jostedøla som endar i Lustrafjorden.

Det reinsa vatnet etter reinseanlegget skal ha fyljande krav :

- Innhald av suspendert stoff < 50 mg/l
- pH mellom 6,5 - 8,5
- Total olje (THC) <5 mg/l

Vassmengde som går ut av reinseanlegget skal målast og loggførast av entreprenøren ein gong i veka. Vi vurderer vassmengda til mellom 30 l/min og 50 l/min. Byggherren kan gjere eigne analyser for å kontrollera at utsleppskrava som er sett blir overhaldne.

Slam som vert fjerna frå sedimenteringsbassenget skal leverast til godkjent mottak. Dersom slammet vert mellomagra skal dette gjerast på ein slik måte at finstoff ikkje vert vaska ut. Tilsvarende skal olje frå oljeutskiljar leverast til godkjent mottak."



Figur 1 Oversikt over Vigdalen. Blå pil viser tunnelpåhogget.

Anleggsarbeida er planlagd utført hausten 2026.

Ber om eventuelle uttaler innan 12. mai 2026

Statsforvalteren ber om uttaler til vedlagte søknad innan 12. mai 2026. Uttaler kan sendes til fmvpost@statsforvalteren.no, merk med referansenummer 2026/5013.

Søknaden og Statsforvalterens brev i saka vert gjort tilgjengeleg på Statsforvalterens heimeside: <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Søknad om løyve

Kopi til:
Statkraft Energi



Mottakerliste:

Luster kommune

Mattilsynet

Vestland fylkeskommune

**Norges vassdrags- og
energidirektorat**

Postboks 77

Postboks 383

Postboks 7900

Postboks 5091

Majorstua

6866 GAUPNE

2381 BRUMUNDDAL

5020 BERGEN

0301 OSLO